

2 færre røysteføre enn sist

13.08.2011



Valet er her i gang for 4 år sidan. Bjørgulf Eik og Åse Myklebust Nerset tek imot røyst frå førstegongsveljar Ida Mathilde Sæbø (Foto: Ola Matti Mathisen)

Talet på røysteføre i Uskedalen viser ein nesten utruleg stabilitet

- det er 763 som vil kunne røysta denne gongen mot 765 for 4 år sidan. Men millom kjønna har det skjedd ein klår auke i kvinnene sin favør.

Fordelingen mellom menn og kvinner er 385/378 ved årets val mot 400/365 førre gongen.

Med omsyn til valdeltakinga låg Uskedalen på jumboplassen ved kommunevalet for 8 år sidan med berre 53 prosent.

Men for 4 år sidan lukkast det gledeleg nok å auka til 59 prosent og målet må sjølv sagt vera ein ytterlegare auke nenne gongen.

I heile kommunen er det 9992 røysteføre denne gongen og valgeneral Geir Mogren håpar på 1000 fleire enn dei rundt 6000 som røysta sist vil røysta, ikkje minst inspirert av dei dramatiske hendingane i det siste.
Mogren trur fleire ungdommar og heimesitjarar vil gå til urnene.

Valet i Uskedalen går også denne gongen føre seg i Aktivitetshuset – i området mot fjorden – medan kyrkjevalet skjer i inngangspartiet.

Som sist blir stemmestyret leia av Åse Myklebust Nerset og veteranen i korpset er no som sist

Bjørgulf Eik.

Det har allereie dene veka vore høve til å røysta på førehand, for uskedelingar er Rådhuset i Rosendal eller biblioteket på Husnes dei 2 naturlege stadane. Ein kan røysta på førehand heilt fram til fredag 9. september medan

valdagen er mandag 12 september her i bygda.
På Husnes og i Rosendal kan dei også røysta sundag.

Av Ola Matti Mathisen